

STYRETS BERETNING 2011

Styret si melding om verksemda i konsernet Møreforskning i 2011

FOU i Møre og Romsdal:

I perioden 1999-2009 var det ein gjennomsnittleg årleg realvekst i FOU-investeringane i Møre og Romsdal på 7 %. Berre Nordland hadde sterkare vekst i same periode. Hovudforklaringa er ein sterk vekst i investeringar i FOU i næringslivet. Berre Akershus og Sør-Trøndelag har ein høgare FOU-innsats pr. sysselsett i næringslivet. Forsking og utvikling har auka betydning for konkurranseevna både til bedriftene og til regionen.

Tilgangen på FOU-kompetanse og FOU-kapasitet i Møre og Romsdal viser ikkje same utvikling. Talet på forskarårsverk /fagleg personale med doktorgrad i høve til folketalet er lågt. Tilsvarande gjeld FOU-innsats målt pr. innbyggjar. Ein mindre del av forskinga er offentleg finansiert. Tilsvarande gjeld finansiering frå internasjonale FOU-program.

Det skjer med andre ord ein kraftig vekst i etterspørselen etter FOU i Møre og Romsdal, medan tilbudssida i form av fylket sin eigen FOU-kapasitet heng meir og meir etter. Ei viktig årsak er at hovudtyngda av den offentlege finansieringa til oppbygging av FOU-miljø og ny FOU-kapasitet går til universitetsregionane. I 2010 gjekk 92 % av Forskningsrådet sine løyvingar til universitets- og høgskulesektoren til institusjonar i hovudstadsregionen, Bergen, Trondheim eller Tromsø. Tilsvarande tal for instituttsektoren var 93 %.

Møre og Romsdal treng auka forskingskapasitet og sterkare forskingsmiljø. Møreforskning si rolle er å underbygge dette gjennom å drive anvendt forskning og utvikling. Aukar forskingskompetansen i regionen vil FOU-innsatsen auke, samtidig som tilgangen til nasjonale og internasjonale FOU-nettverk blir sterkare. Tette band mot sterke utdannings- og forskingsmiljø er viktig for at regionen skal kunne hevde seg på ein global konkurransearena også i framtida.

Verksemda til Møreforskning:

Konsernet Møreforskning er sett saman av morselskapet Møreforskning AS og dotterselskapet Møreforskning Molde AS. Møreforskning AS har eigne forskingsavdelingar i Volda og Ålesund, og eig 51% av aksjane i dotterselskapet Møreforskning Molde AS. Møreforskning sitt hovudkontor ligg i Volda.

Dei tre avdelingane opererer i ulike oppdragsmarknader, med tilhørande forskjellar i kundetypar, konkurranseformer og konkurransesituasjon. Forskjellane betyr samtidig at vi i sum har ei god fagleg breidde i forhold til FOU-behovet i regionen og kan handtere FOU-tema som krev tverrfaglege tilnærmingar.

Møreforskning Volda driv samfunnsvitskapleg forskning innan velferd og regional utvikling. Folkehelse, inkludering og utdanning er hovudtema innan velferdsforskning, medan samfunnsplanlegging, menneske–stad og småskala næringsutvikling er faglege hovudtema innan regionalforskning. Viktige faglege disipliner er samfunnsgeografi, statsvitskap og offentleg planlegging og administrasjon. Hovudtyngda av oppdraga kjem gjennom offentlege anbod (Doffin), og dei viktigaste oppdragsgivarane er etatar og institusjonar i offentleg sektor regionalt og nasjonalt.

Møreforsking Marin (Ålesund) driv naturvitskapleg forskning og utviklingsarbeid retta mot marine næringar, og er organisert i fire faggrupper etter verdikjeda – frå hav til bord. Sentrale fagområde innan forskingsfeltet ressursar og fangst er fiskeribiologi, fangstmetodar, fangstbehandling, levande lagring og havbruk. Viktige fagområde innan foredling er råstoffbehandling, vidareforedling, utnytting av restråstoff og produktutvikling. Innan fagområdet marknad arbeider vi med marknadsundersøkingar/analysar, produkttesting og merkevarebygging. Innan fagområdet marin bioteknologi arbeider vi med aquamedisin, biofilm, marin bioprospektering, marine ingrediensar og molekylærbiologi. Avdelinga har eit tett fagleg og operativt samarbeid med Høgskolen i Ålesund, og samarbeidsavtaler med Havforskningsinstituttet, SINTEF Fiskeri&Havbruk, Grønlands Naturinstitut mfl. Hovudtyngda av oppdraga kjem anten direkte eller indirekte frå bedrifter og organisasjonar i marine næringer.

Møreforsking Molde driv samfunnsøkonomisk forskning på tre fagfelt. Innan transportøkonomi gjer vi økonomiske analysar av infrastrukturtiltak, utvikling av transportmodellar og studie av effektar av anbod/kontraktar i offentlege innkjøp av transporttenester. Eit anna sentralt forskingsfelt er logistikk der vi driv analyse av verdikjeder og design av logistikksystem. Forskningsfeltet næringsøkonomi har særleg fokus på effektar av offentleg støtte til næringsutvikling og utvikling av verkemiddel, samt metodeutvikling og gjennomføring av nytte/kostnad-analysar på ei rekke ulike samfunnsområder.

Avdelinga er vevd tett saman med fagmiljøa ved Høgskolen i Molde, og har FoU-samarbeid med bl.a. Sintef, SNF/NHH, TØI og Cambridge University. Hovudtyngda av oppdraga er basert på rammeavtaler med offentlege oppdragsgivarar, i tillegg til oppdrag for enkeltbedrifter, bransje- og klyngeorganisasjonar.

Møreforsking i 2011:

Møreforsking hadde i 2011 sitt beste år målt både i aktivitetsnivå og resultat etter at verksemda vart omorganisert i 2008. Til grunn for utviklinga av verksemda ligg 8 strategiske resultatmål:

1. Styrke forskingskompetansen
2. Vekse i bemanning og auke kapasiteten
3. Styrke banda og samarbeidet mellom Høgskulane og Møreforsking
4. Utvikle nasjonal spisskompetanse på utvalde område
5. Sikre fagleg breidde som gir god regional relevans
6. Gi våre tilsette konkurransedyktig lønnsutvikling og stimulere kompetanseutvikling
7. Sørge for god oppdragsdekning og prosjektstyring
8. Drive formidling og bli meir synlege

Strategiske kompetanseprosjekt:

For å byggje ny kompetanse gjennomfører vi i perioden 2011-2013 seks strategiske kompetanseprosjekt i samarbeid med fagmiljø på høgskulane i fylket. Desse vert finansierte med midlar frå grunnløyvinga som Møreforsking mottok frå Forskningsrådet og med midlar frå Møreforsking sitt forskingsfond. Dei seks satsingane er:

- *"Kontraksstrategiar for internasjonalisering av lokal leverandørindustri"* i regi av Høgskolen i Molde i samarbeid med Møreforsking Molde og Høgskolen i Ålesund.
- *"Utvikling av globale verdikjeder for regionale maritime næringar"* i regi av Møreforsking Molde i samarbeid med Høgskolen i Molde.
- *"Bu- og arbeidsmarknader i endring"* i regi av Møreforsking Volda.

- "Med sans for kvalitet" i regi av Møreforsking Marin i samarbeid med Møreforsking Volda.
- "Levande sjømat" i regi av Møreforsking Marin.
- "Bioteknologisk metode" i regi av Møreforsking Marin i samarbeid med Høgskolen i Ålesund.

Satsingane omfattar metodeutvikling, fagleg utvikling, nettverksbygging, forskarutveksling, publisering og anna formidlingsaktivitet. Møreforsking har og starta oppbygging av helseforsking som nytt satsingsområde.

FOU-produksjon:

Møreforsking driv både grunnforskning og anvendt forskning organisert gjennom oppdrag. Oppdragsverksemda skaffar viktig datagrunnlag og empiri, som legg grunnlag for å kunne utvikle ny kunnskap.

Møreforsking fekk tilsegn om eller var partner i 10 prosjekt frå dei Regionale forskingsfonda i 2011, som var det første året desse fonda var i funksjon. Dette, saman med bra gjennomslag i høve til andre av forskingsprogram, gjorde at vi i 2011 auka forskingsproduksjonen målt i kroner og talet på FOU-retta prosjekt.

Publisering:

Høgskulane og Møreforsking samarbeider om publisering gjennom felles skriftseriar. Alle rapportar frå oppdrag som ikkje er graderte, vert lagde ut og kan fritt lastast ned frå våre heimesider. Det vart publisert 44 rapportar i 2011 i eigen regi og 5 rapportar i samarbeid med andre forskingsmiljø. I tillegg kjem 4 rapportar som er konfidensielle eller der det er utsett publisering. Rapportproduksjonen er på same nivå som i 2010.

Etter ein fin auke i 2010 gjekk talet på vitenskaplege artiklar ned i 2011. Det vart publiserte 4 artiklar i vitenskaplege tidsskrift i 2011, mot 14 i 2010. Mange av dei oppdraga som blir utførde i Møreforsking, legg og grunnlaget for vitenskapleg publisering i regi av høgskulane.

Formidling:

Tilsette i Møreforsking heldt 75 populærvitenskaplege foredrag eller presentasjonar i 2009. Vi var arrangør av 5 ulike faglege konferansar/seminar. Vi stod for 12 kronikkar og artiklar i dagspressa.

Gode medarbeidarar:

Det vart utført 44 årsverk ved Møreforsking i 2011. Dette er ein auke på 2 årsverk frå 2010. Vi fekk inn 5 nye medarbeidarar i løpet av fjoråret, medan 1 slutta.

Ved utgangen av året var vi 57 tilsette, fordelt med 50 vitenskaplege og 7 administrativt tilsette. Ved utgangen av 2011 hadde vi 22 medarbeidarar med doktorgrad eller tilsvarande kompetanse med hovud- eller bistilling i Møreforsking. 44 % av våre vitenskaplege tilsette har førstekompetanse.

Ei viktig side av samarbeidet med høgskulane er utveksling av medarbeidarar mellom forskning og undervisning. Høgskuletilsette deltok i forskingsprosjekt i regi av Møreforsking. 12 av våre medarbeidarar dreiv i 2011 rettleiingsarbeid for master- og doktorgradsstudentar. I tillegg arbeidde bachelorstudentar på ulike prosjekt i Møreforsking sin regi. Åtte personar var i 2011 tilsette i

formelle bistillingar. Det er eit mål å auke omfanget av slik personalutveksling, både innan undervisning, rettleiing og forskingsarbeid.

Møreforskning er eit av 56 norske forskingsinstitutt som mottek grunnløyving frå Forskingsrådet, og dette utgjorde i 2011 NOK 4 mill. Delar av grunnløyvinga er resultatbasert, og vi kom styrka ut av denne konkurransen. I tillegg løyvde Møre og Romsdal fylke eit tilskot på NOK 1,4 mill. Desse løyvingane finansierer grunnleggjande kompetanseutvikling og fagleg fornying av forskarstaben, kvalitetssikring av forskingsresultat, publisering og formidling i form av vitenskaplege artiklar, nettverksbygging og internasjonalisering, samt doktorgradsutdanning innafor instituttet sine forskingsområde.

Likestilling:

Kjønnsbalansen ved instituttet er i utgangspunktet god, både blant forskarane og samla. 23 av dei tilsette er kvinner, og dei utgjør 40 % av det vitenskaplege personalet. Det vert praktisert full likestilling i høve til alle stillingar og funksjonar i selskapet.

Fire av sju medlemmer i Møreforskning AS sitt styre er kvinner, medan ei av fem i styret for dotterselskapet Møreforskning Molde AS.

Av administrative leiarar er fire menn, medan Møreforskning Marin har kvinneleg forskingssjef. Den faglege verksemda er organisert i forskingsgrupper, og 5 av 9 forskings-/eller gruppeleiarar er kvinner. Til saman betyr dette at 6 av leiarane er kvinner (42 %).

Styrke samarbeidet med og mellom høgskulane:

Dei tre høgskulane er eigarar i Møreforskning og våre viktigaste faglege samarbeidspartnarar. Møreforskning skal spegle høgskulane sine faglege profilar og fungere som deira eining for eksternt finansierte forskingsoppdrag.

Høgskulane og Møreforskning har saman etablert Mørealliansen. Mørealliansen er på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet i ferd med å gjennomføre eit pilotprosjekt for utvikling av såkalla samfunnskontrakt(er). Møreforskning er prosjektleiar for dette på vegne av dei tre høgskulane. Formålet er "å styrkje samspelet mellom universitet og høgskular og samfunnet rundt, gjennom dialog og samarbeid basert på verksemda og profilen til den enkelte institusjonen". Prosjektet har som mål å utvikle:

1. Tettare samarbeid mellom høgskulane og samfunns-, arbeids- og næringslivet på Nordvestlandet
2. Styrke samarbeidet mellom høgskulane for å styrke deira bidrag til regional utvikling

Samfunnskontraktar kan omfatte samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i høve til høgskulane sine tilbod innan utdanning (bachelor – master – PhD), etter- og vidareutdanning, forskning, utvikling og innovasjon, nettverks- og arenabygging, rolla som regional utviklingspartnar og -aktør og tiltak som kan styrke omdømme, identitet og rekruttering. Prosjektet vil gå i heile 2012.

Campus-utvikling:

Både i Molde, Ålesund og Volda blir det arbeidd med å styrke Campus som regionale knutepunkt for utdanning, forskning og innovasjon i samarbeid med næringslivet. Høgskulen, Kunnskapsparken og Møreforskning Molde har etablert Molde Campus og eit felles Logistikkcenter. Vidare er det inngått samarbeidsavtale med iKuben som er eit samarbeidsnettverk mellom industribedrifter i Romsdal og på Nordmøre.

Tilsvarande er det gjennomført eit utviklingsprosjekt for Campus Ålesund som legg grunnlaget for å utvikle Høgskolen i Ålesund fram til 2030.

Lokale og infrastruktur.

Auka aktivitetsnivå og nye satsingar gjer at Møreforskning i 2011 investerte vel 3 mill. kr. i nye lokale og forskingsanlegg. Stiftelsen Atlanterhavsparken og Møreforskning Marin har inngått ei langsiktig samarbeidsavtale som legg til rette for forskning og formidling av kunnskap om marine ressursar. Vi investerte i 2011 i nytt anlegg for å drive forsøk med levande marine organismar på Atlanterhavsparken i Ålesund. Høgskolen i Ålesund deltek også i samarbeidet og vil bruke lokaliteten til undervisning og studentoppgåver. Vi er vidare i ferd med å etablere nye laboratorie på Høgskolen i Ålesund.

Møreforskning Marin flyttar inn nye lokale i Norsk Maritimt Kompetansesenter våren 2012. Det vart i 2011 installert ny utvendig solskjerming i lokala til Møreforskning Volda.

Regionale kundar – nasjonal finansiering:

Møreforskning har som strategi å vere **både** ein regional og ein nasjonal forskingsaktør. Vi må ha ein fagleg kvalitet som gir oss ein posisjon nasjonalt/internasjonalt for å vere interessante og etterspurte som FOU-leverandør, også regionalt. Møre og Romsdal har næringsklynger både i marin og maritim næring som er interessante som "case" i forhold til å studere ulike regionale og samfunnsmessige utviklingstrekk. Innan oppdragsverksemda betyr den nasjonale marknaden mest om vi måler dette i finansiering. Ein analyse av oppdraga våre to siste åra viser at 62 % av finansieringa kjem frå nasjonale kjelder, 24 % frå Møre og Romsdal, medan 14 % har kombinasjon av nasjonal og regional finansiering. Ser vi på kvar kundane er lokaliserte, kjem 51 % frå Møre og Romsdal, medan 40 % er nasjonale aktørar eller frå andre fylke. 9 % er bedrifter som er internasjonalt eigde og med utstrakt global verksemd (eks. maritim industri). Materialet viser også at vi har ei rolle i høve til å mobilisere nye regionale brukar av FOU, som i neste fase gjennomfører større FOU-satsingar.

Møreforskning hadde ein omsetnad i 2011 på 45,5 mill. kroner, og av dette var 77 % direkte oppdragsinntekter. Samanlikna med andre samfunnsvitskaplege institutt har vi ein meir næringsretta profil. Netto oppdragsinntekter auka med 22 % i 2011, og det var oppdrag frå næringslivet og kommunar/fylke som stod for heile denne auken. Halvparten av inntektene til Møreforskning kom i 2011 frå næringslivet eller regional offentleg sektor. 35 % av oppdragsinntekta kom frå departement eller direktorat, medan 15 % av inntekta kom frå Forskringsrådet.

Møreforskning hadde 226 ulike prosjekt under arbeid i 2011, og talet på prosjekt auka med 30 frå 2010. Mesteparten av denne auken kom i form av større prosjekt og prosjekt som går over fleire år. Dette har gitt oss ei betre samansetting av prosjektmassen.

VRI Møre og Romsdal er eit viktig verktøy for å mobilisere til næringsretta og forskingsbasert innovasjon og utvikling. Den første prosjektperioden som starta i 2007, vart avslutta i 2010, og ein ny prosjektperiode starta opp i 2011. Fram til utgangen av 2011 er det sett i verk 87 forprosjekt der bedrifter samarbeider med FOU-miljø om innovasjon. Av dei 67 prosjekta som er ferdige så langt, har halvparten gått vidare som større FOU-prosjekt. VRI byggjer i tettare nettverk mellom høgskular, forskarar og bedrifter. VRI-satsinga har god oppslutnad, treff utviklingsorienterte bedrifter, og desse oppnår resultat.

Gjennom VRI og Forskningsfondet har Møreforskning bygd opp ein kompetansemeklarfunksjon på Nordmøre. Vi har i 2011 hatt tre medarbeidarar med kontor på Høgskulesenteret i Kristiansund.

Arbeidsmiljø og ytre miljø:

Møreforskning driv eit systematisk HMS-arbeid med årlege gjennomgangar av fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Vi har eit felles Arbeidsmiljøutval for konsernet. Møreforskning AS gjekk i 2011 inn i avtale med Medi 3 om Bedriftshelseteneste-ordning for alle tilsette i Volda og Ålesund. Møreforskning er IA-bedrift.

Det har ikkje vore rapportert skadar eller ulykker knytt til verksemda eller dei tilsette i 2011.

I 2011 var sjukefråveret i Møreforskning AS på 4,9 %, medan Møreforskning Molde hadde eit sjukefråver på 1,2 %. Samla for konsernet var sjukefråveret i 2011 dermed på 3,7 % mot 4,4 % i 2010. Utviklinga i sjukefråveret blir registrert og rapportert til styret månadleg.

Møreforskning driv ikkje aktivitet som har negative følgjer for ytre miljø.

Konsernet Møreforskning:

Omsetnaden til konsernet Møreforskning vart i 2011 kr 45,5 mill. med eit overskot etter skatt og minoritetsinteresser på kr. 741.674. Skattekostnaden på resultatet i 2011 er kr 244 513,-. Av dette er kr 115.328,- betalbar skatt.

Konsernet hadde ein samla eigenkapital pr. 31.12.2011 på 15,7 mill. kr. (minoritetsinteresser inkludert). Dette gir ein eigenkapital tilsvarande 32,5 % av totalkapitalen. Av den langsiktige gjelda på 10,4 mill. kr er 8 mill. kr knytt til det forskningsfondet som Møreforskning vart tilført av Møre og Romsdal fylke ved stiftinga av selskapet i 2007. Totalkapitalen i konsernet pr 31.12.2011 var på 48,2 mill. kr. Konsernet har ei samla likviditetsbeholdning på 23,5 mill. kr.

Rekneskapan for Møreforskning AS og Møreforskning Molde AS er gjort opp med avsetjing for skatt. Møreforskning har eit allment føremål for si forskingsverksemd, og skal etter vedtektene ikkje utbetale utbytte. Alt overskot går attende til verksemda og vert nytta til investeringar i kompetanse og utstyr til å drive forskning.

Møreforskning AS (morselskap):

Resultatrekneskapan for Møreforskning AS i 2011 viser eit overskot etter skatt på kr 741 113,-. Brutto omsetnad i 2011 var på 32,1 mill kr. Sum driftskostnader var på kr 31,5 mill. Netto finansinntekter var på kr 330'. Driftsresultatet var 1,5 mill. betre enn i 2010.

Selskapet hadde pr. 31.12.2011 ein eigenkapital 13,8 mill. kr. - som svarar til 33% av totalkapitalen. Samla balanse var på kr 41 964 338,-, som er ein auke på 1,7 mill. i høve til 2010. Nyinvesteringar som ble aktivert i utgjorde 2011 kr 1,620', medan regnskapet er belasta med kr. 442' i avskrivningar.

Møreforsking Molde AS:

Dotterselskapet Møreforsking Molde AS, som Møreforsking AS eig saman med Høgskolen i Molde (49%), hadde i 2011 eit overskot etter skatt på kr 1 101,-. Brutto omsetnad i 2011 var på 14,1 mill kr, som var ein nedgang på 100' frå året før.

Selskapet hadde pr. 31.12.2011 ein eigenkapital kr 6 282 843,- som tilsvarer 58% av totalkapitalen. Samla balanse auka til kr 10 866 521,- som er ein nedgang på kr 242' frå 2010. Selskapet har ikkje langsiktig gjeld utover utsett skatt.

Vidare drift

Møreforsking har i løpet av dei siste åra auka aktiviteten og talet på tilsette. Konsernet gjekk i 2009 med underskot, i 2010 gjekk i balanse, medan vi i 2011 fekk eit overskot på 0,7 mill. Alle tre avdelingane har i 2012 ein tilfredsstillande ordresreserve og ventar eit stabilt aktivitetsnivå gjennom året.

Årsrekneskapen for 2011 for konsernet, samansett av morselskapet Møreforsking AS og dotterselskapet Møreforsking Molde AS, er gjort opp under føresetnad om vidare drift. Etter styret si meining gir den framlagde årsrekneskapen og balansen saman med tilhøyrande notar eit dekkjande bilete av konsernet si drift og økonomiske stilling ved årsskiftet.

Volda 31.12.2011 / 21.03.2012



Bjørn Berge
Styreleiar



Rune Garen
nestleiar



Anne Øie
styremedlem




Annelise Chapman
styremedlem



Harald M. Hjelle
styremedlem



Elisabeth Kommisrud
styremedlem



Randi Bergem
styremedlem tilsette (vara)



Roar Tobro
direktør